



Innkalling  
av  
Valstyret

**Møtedato:** 21.06.2017  
**Møtestad:** Osterøy rådhus - heradsstyresalen  
**Møtetid:** 12.30 - 13.30

Eventuelle forfall må meldast til Bente Skjerpings per tlf. 56192100, sms til 41587200 eller per epost til bente.skjerpings@osteroy.kommune.no

Varamedlemmer møter berre etter nærare avtale.

**Sakliste**

<b>Saknr</b>	<b>Tittel</b>
008/17	Godkjenning av innkalling og sakliste
009/17	Godkjenning av møtebok
010/17	Val av røystestyre for perioden 2017 - 2019

16. juni 2017

Ordførar Jarle Skeidsvoll  
utvalsleiar

Bente Skjerpings  
sekretær

# SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
008/17	Valstyret	PS	21.06.2017

Saksbehandlar	ArkivsakID
Bente Skjerping	17/1560

## Godkjenning av innkalling og sakliste

Innkalling og sakliste vert godkjent.

### Saksopplysningar:

Innkalling med sakliste er send ut.

# SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
009/17	Valstyret	PS	21.06.2017

Saksbehandlar	ArkivsakID
Bente Skjerping	17/1560

## Godkjenning av møtebok

32T

Protokoll - Valstyret - 03.05.2017

**Møteprotokoll frå vert godkjend.**

## Saksopplysningar:

Møteprotokoll er send ut til godkjenning.



## Møteprotokoll for Valstyret

**Møtedato:** 03.05.2017  
**Møtestad:** Osterøy rådhus - heradsstyresalen  
**Møtetid:** kl. 16.15 – kl. 16.30

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Jarle Skeidsvoll	KRF	Utvalsleiar
Mortensen, Alf Terje	FRP	Nestleiar
Berit Moslett Borge	H	Medlem
Johannes Bysheim	AP	Medlem

Forfall meldt frå medlem	Parti	Rolle
Kjersti Ingolvsdotter Vevatne	V	Medlem

Frammøtte varamedlemmer	Parti	Erstatter medlem
Johannes Haugland	SP	Kjersti Ingolvsdotter Vevatne

---

**Følgjande frå administrasjonen møtte:** Rådmannen og utvalssekretæren

---

### Sakliste

Saknr	Tittel
001/17	Godkjenning av innkalling og sakliste
002/17	Godkjenning av møtebok
003/17	Stortings- og sametingsvalet 2017 - mottak og handsaming av førehandsrøyster
004/17	Stortings- og sametingsvalet 2017 - tidlegrøysting og førehandsrøysting
005/17	Førehandsrøysting i institusjonar m.m. og ambulerande røystemottak
006/17	Valet 2017 - Utlekking av manntalet til offentleg ettersyn
007/17	Stortingsvalet 2017 - førebels opteljing av valtingsrøyster

## **001/17: Godkjenning av innkalling og sakliste**

**Rådmannen sitt framlegg:**

Innkalling og sakliste vert godkjent.

### **03.05.2017 VALSTYRET**

Det var ikkje merknader til innkalling og sakliste.

#### **VS - 001/17 VEDTAK:**

Innkalling og sakliste vert godkjent.

---

## **002/17: Godkjenning av møtebok**

**Rådmannen sitt framlegg:**

Møteprotokoll frå 26.10.16 vert godkjend.

### **03.05.2017 VALSTYRET**

Det var ikkje merknader til utsend møteprotokoll frå 26.10.16.

#### **VS - 002/17 VEDTAK:**

Møteprotokoll frå 26.10.16 vert godkjend.

---

## **003/17: Stortings- og sametingsvalet 2017 - mottak og handsaming av førehandsrøyster**

**Rådmannen sitt framlegg:**

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

«Rådmannen får fullmakt til å oppnemna personell til mottak, handsaming og godkjenning av førehandsrøystene i samband med stortings- og sametingsvalet 2017.»

### **03.05.2017 VALSTYRET**

#### **AVRØYSTING**

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

#### **VS - 003/17 VEDTAK:**

«Rådmannen får fullmakt til å oppnemna personell til mottak, handsaming og godkjenning av førehandsrøystene i samband med stortings- og sametingsvalet 2017.»

---

### **004/17: Stortings- og sametingsvalet 2017 - tidlegrøysting og førehandsrøysting**

#### **Rådmannen sitt framlegg:**

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

”Førehandsrøystinga til kommunestyre- og fylkestingvalet vert halde i Osterøy rådhus, Servicekontoret, innanfor ordinær opningstid. Torsdag 07.09.17 vert opningstida utvida til kl. 18.00. I tillegg vert det halde ope for røysting laurdag 02.09.17, kl. 10.00 – kl. 14.00.

Tidlegrøysting til valet, i perioden 03.07. – 09.08. 17 vert halde i Osterøy rådhus, Servicekontoret, innanfor ordinær opningstid.”

### **03.05.2017 VALSTYRET**

#### **AVRØYSTING**

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

#### **VS - 004/17 VEDTAK:**

”Førehandsrøystinga til kommunestyre- og fylkestingvalet vert halde i Osterøy rådhus, Servicekontoret, innanfor ordinær opningstid. Torsdag 07.09.17 vert opningstida utvida til kl. 18.00. I tillegg vert det halde ope for røysting laurdag 02.09.17, kl. 10.00 – kl. 14.00.

Tidlegrøysting til valet, i perioden 03.07. – 09.08. 17 vert halde i Osterøy rådhus, Servicekontoret, innanfor ordinær opningstid.”

---

**005/17: Førehandsrøysting i institusjonar m.m. og ambulerande røystemottak**

**Rådmannen sitt framlegg:**

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

«Ved stortings- og sametingsvalet vert det halde førehandsrøysting på desse institusjonane: Osterøytunet og Bergen kretsfengsel, avd. Osterøy. I tillegg vert det halde førehandsrøysting ved omsorgs-/eldrebustadene på Valestrand, Lonevåg, Hosanger, Fotlandsvåg og Haus og på Osterøy vidaregåande skule.

Frist for å søkja om å få røysta heime vert sett til onsdag 06.09.17, jfr. vallova § 8-3, nr. 6.”

**03.05.2017 VALSTYRET**

**AVRØYSTING**

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

**VS - 005/17 VEDTAK:**

«Ved stortings- og sametingsvalet vert det halde førehandsrøysting på desse institusjonane: Osterøytunet og Bergen kretsfengsel, avd. Osterøy. I tillegg vert det halde førehandsrøysting ved omsorgs-/eldrebustadene på Valestrand, Lonevåg, Hosanger, Fotlandsvåg og Haus og på Osterøy vidaregåande skule.

Frist for å søkja om å få røysta heime vert sett til onsdag 06.09.17, jfr. vallova § 8-3, nr. 6.”

---

**006/17: Valet 2017 - Utlekking av manntalet til offentleg ettersyn**

**Rådmannen sitt framlegg:**

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

**«Ved valet i 2017 vert manntalet å leggja ut til offentleg ettersyn på desse stadene:**

**Valestrand krins: Coop Extra, Valestrandsfossen**

**Hauge krins: Coop Extra, Valestrandsfossen**

**Extra Lonevåg**

**Lonevåg krins: Extra Lonevåg**

**Fotlandsvåg krins: Joker Fotlandsvåg**

**Haus krins: Kiwi Haus**

**Bruvik krins: Nærbutikken Bruvik**

**Hovudmanntalet: Osterøy rådhus, Servicekontoret.”**

### **03.05.2017 VALSTYRET**

#### **AVRØYSTING**

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

#### **VS - 006/17 VEDTAK:**

**«Ved valet i 2017 vert manntalet å leggja ut til offentleg ettersyn på desse stadene:**

**Valestrand krins: Coop Extra, Valestrandsfossen**

**Hauge krins: Coop Extra, Valestrandsfossen**

**Extra Lonevåg**

**Lonevåg krins: Extra Lonevåg**

**Fotlandsvåg krins: Joker Fotlandsvåg**

**Haus krins: Kiwi Haus**

**Bruvik krins: Nærbutikken Bruvik**



Hovudmantalet: Osterøy rådhus, Servicekontoret.”

---

**007/17: Stortingsvalet 2017 - førebels oppteljing av valtingsrøyster**

**Rådmannen sitt framlegg:**

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

«Det vert halde krinsvis førebels oppteljing ved Stortingsvalet 2017.»

**03.05.2017 VALSTYRET**

**AVRØYSTING**

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

**VS - 007/17 VEDTAK:**

«Det vert halde krinsvis førebels oppteljing ved Stortingsvalet 2017.»

---

Til å skriva under møteprotokollen saman med utvalsleiaren vart desse valde: Johannes Haugland og Alf T. Mortensen

Lonevåg, 05.05.17

Bente Skjerping  
Utvalssekretær

---

Jarle Skeidsvoll  
Ordførar/leiar

Johannes Haugland

Alf T. Mortensen  
varaordførar/nestleiar

# SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
010/17	Valstyret	PS	21.06.2017

Saksbehandlar	ArkivsakID
Bente Skjerping	17/1369

## Val av røystestyre for perioden 2017 - 2019

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

«Det vert vald slike medlemmer og varamedlemmer til røystestyra for perioden 2017 – 2019:

Krins 0001 Hauge:

Krins 0002 Lonevåg:

Krins 0003 Valestrand:

Krins 0004 Haus:

Krins 0005 Fotlandsvåg

Krins 0006 Bruvik:

## Saksopplysningar:

### Bakgrunn

Det må veljast nye røystestyre for resten av valperioden 2015 – 2019. Sidan valet i 2015 er slått saman krinsar og det må veljast røystestyre for dei nye krinsane. Heradsstyret gjorde i samband med val av valstyre i møtet 09.12.15 slikt vedtak:

*«Mynde til å velja medlemmer, varamedlemmer, leiar og nestleiar i røystestyra vert delegert til valstyret. Delegeringsvedtaket gjeld for heile valperioden.»*

For medlemmer i røystestyra gjeld følgjande, vallova § 9-3, nr. 4:

*Kandidat som er oppført på valliste ved kommunestyrevalget, kan ikke oppnevnes til stemmemottaker eller valgfunksjonær i valglokalene i vedkommende kommune. Kandidat som er oppført på valliste ved stortingsvalget eller fylkestingsvalget, kan ikke oppnevnes*

*til stemmemottaker eller valgfunksjonær i valglokalene i kommunene i vedkommende fylke.*

Røystestyra skal ha minst tre medlemmer, og det har vore vanleg å velja medlemmer frå den aktuelle krinsen, men dette er ikkje noko krav. Valfør og pliktig til å ta i mot val er den som har stemmerett ved kommunestyre- og fylkestingval og som står innført i folkeregisteret som busett i kommunen når val av røystestyre finn stad.

Då det no er færre og større krinsar bør det vurderast å velja fleire varamedlemmer for å sikra nok bemanning ved forfall på valdagen. Ein ekstra varamedlem for alle krinsar vil gje litt større tryggleik for dette. I tillegg kan det bli aktuelt for rådmannen å oppnemna valmedarbeidarar i samband med elektronisk avkryssing i manntalet.

Elektronisk avkryssing skal gjera arbeidet i røystestyret enklare. M.a. er ikkje mottak av «framande røyster» lenger aktuelt, og ein treng heller ikkje telja kryss i manntalet. Med unntak for Bruvik er alle krinsane blitt større, og dette krev gjerne meir mannskap på valtinget.

Medlemmene i røystestyra for krinsane Hauge, Lonevåg, Fotlandsvåg, Valestrand, Haus og Bruvik har fått brev om at det skal veljast nye røystestyre med svarfrist . Berre nokre få har sagt frå om at dei ikkje ynsjer attval.

Ved valet i 2015 vart det vald slike medlemmer og varamedlemmer til røystestyra:

#### **Bruvik krins:**

##### *Medlemmer*

Kristin Merethe Nøttveit, leiar  
Svein Bruvik, nestleiar  
Jon Sigmund Løtveit  
Eliane Flostrand

##### *Varamedlemmer*

Asbjørg Ågotnes

Svein Bruvik har meldt forfall til røystestyret ved dette valet då han er bortreist på valdagen.

#### **Haus krins**

##### *Medlemmer*

Margrethe Riple Ådland, leiar  
Øystein Borge, nestleiar  
Ottar Borge  
Ragna Thunestvedt  
Marit Andersen

##### *Varamedlemmer*

Ingvald Ådland  
Knut Riple

Ingen har fråsagt seg attval.

## **Hauge krins**

### *Medlemmer*

Steinar Reigstad, leiar

Roald Hauge

Enni Revheim, nestleiar

### *Varamedlemmer*

Arne Dag Kleiveland

I tillegg vart Tone Mosevoll vart oppnemnd som valmedarbeidar ved førre val, då ein av medlemmene i røystestyret måtte gå ut.

## **Lonevåg krins**

### *Medlemmer*

Rune Solberg, leiar

Kari Brekke, nestleiar

Anne Cecilie Skeidsvoll

Veronica Ahmer

Kåre Nyheim

### *Varamedlemmer*

Jorunn Jacobsen

Kristin Bergan

I tillegg vart Marit Hovden vart oppnemnd som valmedarbeidar.

Rune Solberg ynskjer attval som leiar i røystestyret. Kari Brekke tek attval som medlem. Kåre Nyheim kan ta attval som medlem.

## **Fotlandsvåg krins**

### *Medlemmer*

Terje Rosnes, leiar

### *Varamedlemmer*

Kari Nordås

Kjellaug Birkeland, nestleiar

Egil Hjelmbrække

Hildegunn Karlsen Grøtte

Terje Rosnes ynskjer ikkje attval og det må difor veljast ny medlem og ny leiar i røystestyret.

### **Valestrand krins**

*Medlemmer*

*Varamedlemmer*

Ove Håland, leiar

Jan Drange

May Elin Haugland, nestleiar

Hein Rune Tøsse

Jens Brakvatne,

June Teigland Olsnes

Bente Elvik

Jan Drange har fråsagt seg attval.

### **Vurdering**

Folkehelse - ikkje vurdert

Miljø - ikkje vurdert

Økonomi - ikkje vurdert

### **Konklusjon**

Saka vert lagt fram for valstyret for val av nye røystestyre.